Deloitte.

Forvaltningsrevisjon | Sogn og Fjordane fylkeskommune

Reiseliv i Sogn og Fjordane

Prosjektplan

Januar 2018

«Reiseliv i Sogn og Fjordane - prosjektplan»

Januar 2018

Prosjektplan utarbeidd for Sogn og Fjordane fylkeskommune av Deloitte AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen,
5892 Bergen
tlf: 51 21 81 00
forvaltningsrevisjon@deloitte.no

Innhald

1. Føremål og problemstillingar 4
2. Revisjonskriterium 5
3. Metode 7
4. Tid og ressursbruk 8

1. Føremål og problemstillingar

1.1 Bakgrunn

Deloitte har i samsvar med bestilling frå kontrollutvalet 13.12.2017, sak nr. 58/17, utarbeidd ein prosjektplan for forvaltningsrevisjon av arbeid retta mot reiseliv i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Forvaltningsrevisjonsprosjektet er bestilt med bakgrunn i plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016-2020, som er basert på ei overordna analyse av fylkeskommunen si verksemd.

1.2 Føremål og problemstillingar

På heimesida til Sogn og Fjordane fylkeskommune går det fram at fylkeskommunen si rolle innanfor reiseliv først og fremst er knytt til overordna reiselivsplanlegging og å legge premissar for reiselivsutviklinga og satsing på infrastrukturtiltak. Vidare går det fram at fylkeskommunen skal stimulere til samarbeid på tvers av både regionar og fylke, og vere ein pådrivar når det gjeld utviklingsprosjekt. I tillegg er fylkeskommunen ein viktig aktør for reiselivsnæringa i fylket når det kjem til finansiering.

Føremålet med forvaltningsrevisjonen er å undersøkje i kva grad Sogn og Fjordane fylkeskommune har etablert tydelege mål og strategiar for å ivareta rolla si innanfor reiseliv, og i kva grad desse blir følgt opp på føremålstenleg vis. Det er også eit føremål å vurdere rutinar for tildeling og oppfølging av fylkeskommunen sine tilskot til reiselivsnæringa i fylket.

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:

1. **I kva grad har Sogn og Fjordane fylkeskommune etablert tydelege mål og strategiar for reiseliv?**

   a) I kva grad er det fastsett tydelege mål for fylkeskommunen sitt arbeid innanfor reiseliv?
   b) I kva grad er det etablert strategiar og tiltak for å nå fastsette mål?
   c) I kva grad følgjer fylkeskommunen opp det som er definert å vere fylkeskommunen si rolle og oppgåver overfor reiselivsaktørar i fylket?
   d) Er det etablert føremålstenlege system for evaluering av måloppnåing, som viser i kva grad mål knytt til reiseliv blir nådd?

2. **I kva grad har fylkeskommunen ei føremålstenleg organisering av arbeidet knytt til reiseliv?**

   a) I kva grad er fordeling av oppgåver, ansvar og mynde innanfor arbeid med reiseliv i fylkeskommunen tydeleg fordelt?
   b) I kva grad er fylkeskommunen si rolle innanfor reiseliv tydeleg definert, både internt og ut mot samarbeidspartar?
   c) I kva grad er det etablert system og rutinar for å sikre at fylkeskommunen følgjer opp reiselivssatsinga i samsvar med overordna føringar?

3. **Har Sogn og Fjordane fylkeskommune tilfredstillande rutinar for tildeling og oppfølging av tilskot til reiselivsaktørar i fylket?**

   a) I kva grad gir fylkeskommunen tilskot til reiselivsaktørar, og kva type tilskot blir eventuelt gitt?
   b) I kva grad har fylkeskommunen definerte strategiar og mål knytt til fylkeskommunale tilskot til reiselivsaktørar i fylket?
   c) I kva grad stiller fylkeskommunen, gjennom tilskotsbrev eller på anna vis, vilkår og/eller krav til mottakarane sin bruk av fylkeskommunale tilskot?
   d) I kva grad blir det, ved tildeling av fylkeskommunale tilskot, stilt krav til rapportering om bruken av tilskotet?
   e) I kva grad følgjer fylkeskommunen opp reiselivsaktørar sin bruk av tilskota, og etterleving av eventuelle krav til bruk og/eller rapportering?

2. Revisjonskriterium

2.1 Innleiing

Revisjonskriteria vil bli henta frå og utleia av autoritative kjelder, rettsreglar, politiske vedtak og fastsette retningslinjer. Revisjonskriteria under er ikkje utømmande for kva som kan vere relevant i forvaltningsrevisjonen. Andre kriterium vil kunne komme til dersom det skulle vere naudsynt for å få ei fullstendig undersøking og vurdering av problemstillingane.

2.2 Krav i lov og forskrift

I den grad den fylkeskommunale administrasjonen er tildelt oppgåver og ansvar innanfor reiselivsnæringa, er det fylkesrådmannen sitt ansvar å sørgje for at oppgåvene blir utført i samsvar med regelverk, vedtak og eventuelle andre instruksar. Ifølge kommunelova § 23 har administrasjonssjefen mellom anna ansvar for å sikre at vedtak i folkevalde organ blir sett i verk, og for at «(…) administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instrukser, og at den er gjenstand for betryggende kontroll.»

Ansvaret for «betryggende kontroll» inneber eit generelt ansvar for internkontroll i organisasjonen.

2.3 Tilskotsforvaltning

Det er ikkje sett nasjonale krav til fylkeskommunal tilskotsforvaltning. Finansdepartementet utarbeidde i 2008 ein rettleiar som likevel gir ein peikepinn om aktuelle omsyn som må takast. I rettleiaren *Om etablering og forvaltning av tilskuddsordninger i staten* går det fram at det er behov for å utarbeide regelverk om alle viktige forhold som tilskotsforvaltar skal leggje vekt på i arbeidet sitt med dei fleste tilskotsordningar. Mellom anna kan ein i desse reglane innarbeide kriterium for måloppnåing og fastsette aktuelle reglar for oppfølging og kontroll.

Dersom fylkeskommunen forvaltar statlege tilskotsordningar som er relevante for denne forvaltningsrevisjonen, vil det normalt føreliggje krav til korleis desse skal forvaltast. Slike krav vil då kunne nyttast som revisjonskriterium.

2.4 Fylkeskommunale styringsdokument og vedtak

Reiselivssatsinga til fylkeskommunen er forankra i reiselivsplanen for Sogn og Fjordane 2010-2025 *Fjordane frå bre til hav.*[1] Reiselivsplanen slår fast tre hovudmål for reiselivsutviklinga fram mot 2025. Desse måla er i) auka verdiskaping, ii) auke i tal gjestedøgn og iii) eit meir berekraftig reiseliv.

Reiselivssatsinga til fylket blei vidare forankra i *Verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane 2014-2025*.[2] I denne planen blei dei tre måla frå reiselivsplanen vidareført, med ei endring i ordlyden for mål nummer to; frå «auke i tal gjestedøgn» til «fleire heilårsarbeidsplassar». I *Verdiskapingsplanen* går det fram at fylkeskommunen har det koordinerande ansvaret for satsinga på reiseliv.

I samband med utarbeiding av reiselivsplanen blei det sett ned ei styringsgruppe som skal følgje opp og ha eit overordna strategisk ansvar for arbeidet med reiselivsplanen 2010-2025. Styringsgruppa blir leia av fylkesdirektøren for næring og skal ha møte 3-4 gonger i året. Vidare er ansvaret for å nå dei tre hovudmåla fordelt slik:[3]

- Gjennom avtale med Innovasjon Norge og deira bedriftssatsingar følgjer fylkeskommunen opp målet om auka verdiskaping.

---

[1] *Fjordane frå bre til hav*. Vedteke i Fylkestinget 8. juni 2010.
[2] *Verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane 2014-2025*. Juni 2014.
[3] *Handlingsplan 2015-2018*. 8.4 Forpliktande partnarskapsavtale.

- Gjennom avtale med landbruksavdelinga til Fylkesmannen og deira berekraftprogram følgjer fylkeskommunen opp målet om eit berekraftig reiseliv.
- Fylkeskommunen følger sjølv opp målet om fleire heilårsarbeidsplassar gjennom infrastrukturprogrammet.

Frå heimesida til fylkeskommunen går det fram at infrastrukturgruppa skal vere pådrivar og faggruppe for vandresatsinga i fylket, samt vere arena for samhandling.[4]

Andre partnarar for fylkeskommunen i reiselivssatsinga er Fjord Norge, NCE tourism, destinasjonsselskapa, kommunane, Høgskulen i Sogn og Fjordane og Vestlandsforsking. Dei fire destinasjonsselskapa Visit Sognefjord, Visit Fjordkysten, Sunnfjord Næringsutvikling og Reisemål Stryn og Nordfjord har ansvaret for produktutvikling, prosjektleiing og marknadsføring av destinasjonane. Dei skal også vere pådrivarar i infrastrukturprogrammet.

Den einaste tilskotsordninga til fylkeskommunen som er direkte knytt til reiselivet er *Infrastrukturmidlar til reislivet*. Støtta skal gå til tiltak som gjer dei mest særeigne attraksjonane i fylket meir tilgjengelege for turistar. Særleg vil fylkeskommunen leggje til rette for at turistane kan vandre for å oppleve attraksjonane. Alle søkjarar skal ta kontakt med destinasjonsselskapa for nærare informasjon og vidare koordinering.[5]

Ei rekke av dei andre tilskotsordningane til fylkeskommunen som omfattar tema med eit breiare spekter vil til dels kunne omfatte tiltak knytt til reiseliv, til dømes *Nærings- og samfunnsutvikling*, *Kulturmidlar* og *Kulturminne på verdsarvlista*.

Også andre fylkeskommunale styringsdokument og vedtak enn dei som er nemnde ovanfor vil kunne vere aktuelle revisjonskriterium.

---

[4] Organisering av reiselivsnæringa i Sogn og Fjordane.
[5] Infrastrukturmidlar til reiselivet.

3. Metode

Deloitte utfører forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001) og kvalitetssikring er underlagt krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM).

3.1 Dokumentanalyse

Rettsreglar og fylkeskommunale vedtak vil bli gjennomgått og nytta som revisjonskriterium. Vidare vil informasjon om fylkeskommunen og dokumentasjon på etterleving av interne rutinar, regelverk m.m. bli samla inn og analysert. Innsamla dokumentasjon vil bli vurdert i forhold til revisjonskriteria.

3.2 Intervju

Får å få supplerande informasjon til skriftlege kjelder vil Deloitte intervjue utvalte personar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune som er involvert i reiselivssatsinga til fylket. Vi tek sikte på å gjennomføre om lag 4 intervju med tilsette i fylkeskommunen. Det kan til dømes vere aktuelt å gjennomføre intervju med fylkesdirektør for næring og kultur, rådgjevar(ar) som har ansvar for oppgåver relatert til reiseliv i fylkeskommunen, samt tilsette med ansvar for å førebu og følgje opp tildeling av tilskot til aktørar innanfor reiseliv. I tillegg vil revisjonen gjennomføre korte telefonintervju med nokre utvalde samarbeidspartnarar av fylkeskommunen i reiselivssatsinga, for å undersøkje korleis dei opplever at fylkeskommunen følgjer opp det som er definert å vere fylkeskommunen si rolle og oppgåver innanfor reiselivssatsinga, og om dei opplever at rolla til fylkeskommunen er tilstrekkeleg tydeleg. Vi vil velje ut 4-5 samarbeidspartnarar som vi vil kontakte med førespurnad om intervju. Vi vurderer særleg destinasjonsselskapa som aktuelle samarbeidspartar i denne samanheng, men vil også vurdere om det er andre det kan vere relevant å intervjue.

3.3 Stikkprøvegjennomgang

Revisjonen vil gjennomføre ein stikkprøvekontroll av tilskotsbrev og oppfølging av tildelte tilskot til reiselivsaktørar i fylket. Det vil bli vald ut fire saker som gjeld tildeling av tilskot, til fire ulike aktørar. Om mogleg vil revisjonen velje desse stikkprøvene frå ulike fylkeskommunale tilskotsordningar. Revisjonen vil undersøke i kva grad det blir stilt krav til bruken av tilskot og til rapportering, og vil også undersøke i kva grad og korleis fylkeskommunen følgjer opp tildelte tilskot.

3.4 Analyse av statistikk

I den grad det føreligg relevant statistikk, som til dømes kan vere med på å synleggjere måloppnåing, vil denne bli samla inn og gjennomgått som del av forvaltningsrevisjonen.

3.5 Verifisering og høyring

Oppsummering av intervju vil bli sendt til dei intervjua for verifisering. Det er informasjon frå dei verifiserte intervjureferata som vil bli nytta i rapporten. Faktadelen i rapporten vil bli sendt til kommunen for verifisering. Deretter vil heile rapporten, inkludert vurderingsdel og forslag til tiltak, bli sendt til rådmannen for uttale. Rådmannen sin høyringsuttale vil ble vedlagt den endelege rapporten som blir sendt til kontrollutvalet.

4. Tid og ressursbruk

4.1 Nøkkelpersonell

Stein Ove Songstad er ansvarleg partner på oppdraget. I tillegg vil teamet bestå av prosjektleiar Line Margrete Johansen (senior manager), og Lina Hamre (consultant). Deloitte har sett saman eit team som sikrar at prosjektet blir gjennomført i samsvar med gjeldande retningslinjer, samt med naudsynt kompetanse og erfaring innanfor kommunal revisjon.

4.2 Ressursbruk

Med utgangspunkt i prosjektet sin karakter og planen som er lagt for korleis prosjektet skal bli gjennomført vil det ta totalt 275 timar å gjennomføre prosjektet. Dette inkluderer førebuing av prosjektet, utarbeiding av problemstillingar og prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse av data og utarbeiding og kvalitetssikring av rapport. Timetalet omfattar også presentasjon av ferdig rapport for kontrollutvalet.

Timeestimatet inkluderer ikkje førebuing og gjennomføring av presentasjon i fylkestinget. Ein eventuell presentasjon av rapporten i fylkestinget vil bli fakturert etter medgått tid, inntil 6 timar i tillegg til det totale timetalet som er presentert over.

Sjå vedlegg for oversikt over timefordeling.

4.3 Gjennomføringsplan

Oppstart av prosjektet vil vere slutten av februar 2018 og rapporten vil vere klar for oversending til kontrollutvalet ved sekretariatet innan 3. september 2018. For å kunne gjennomføre prosjektet innan denne fristen og med stipulert timebruk er det naudsynt at fylkeskommunen sender over etterspurd dokumentasjon innan dei fristar som blir sett, og at utvalde personar stillar til og verifiserer intervju.

Fakturering av kostnadene ved prosjektet vil skje i samsvar med avtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Deloitte.

Bergen, 31. januar 2018

Stein Ove Songstad

Oppdragsansvarleg partner

Deloitte.

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte provides audit, consulting, financial advisory, risk management, tax and related services to public and private clients spanning multiple industries. Deloitte serves four out of five Fortune Global 500® companies through a globally connected network of member firms in more than 150 countries bringing world-class capabilities, insights, and high-quality service to address clients' most complex business challenges. To learn more about how Deloitte's approximately 245,000 professionals make an impact that matters, please connect with us on Facebook, LinkedIn, or Twitter.

© 2018 Deloitte AS